

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2011-2023

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Handlingsprogrammet for samferdsle presenterer Vestlandsrådet sin samferdslepolitikk og vil vere ein særskilt viktig premisseleverandør inn mot arbeidet mot Nasjonal Transportplan 2014 – 2023. Eit viktig mål i handlingsprogrammet er å få ei monaleg auke i løyvingane til realisering av Ferjefritt E39 både på kort og lang sikt.
2. Vestlandsrådet sender med dette Handlingsprogrammet for samferdsle ut på høyring til fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest Agder, byane, kommunane, næringslivet og sentrale samfunnsmessige institusjonar og organisasjonar med frist for høyringssvar innan 1. oktober 2011.
3. Transportprogrammet blir endeleg handsamast i møte i Vestlandsrådet 24.november 2011.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg: Handlingsprogram 2012 - 2015

Uprenta vedlegg: Transportplan 2007 – 2019, Vestlandsrådet, Handlingsprogram 2007, Vestlandsrådet

Saksframstilling

Fylkesrådmannen legg med dette fram eit framlegg til ny handlingsprogram for perioden 2012 til 2023. Handlingsprogrammet for samferdsle avløyser programmet som vart vedteke i 2007. Begge programma er ei oppfølging av og byggjer på ein samla Transportplan 2007 – 2019 som Vestlandsrådet fekk utarbeidd i 2007. Det nye handlingsprogrammet er noko strammare med omsyn til framlegg til tiltak enn førre og har ei særleg fokus på tiltak knytt til E39 – kortsiktig og langsiktig satsing. I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om at handlingsprogrammet blir sendt ut til høyring med høyringsfrist 1. oktober 2011 og med endeleg handsaming i Vestlandsrådet 24. november 2011.

Bakgrunn og innhald

Målet med handlingsprogrammet er å følgje opp Vestlandsrådet sin overordna Transportplan for 2007 – 2019, og å synleggjere dei viktigaste utfordringane vi har innan veg- og sjøtransport. Formålet med handlingsprogrammet er dermed å formulere tiltak knytt til strategiane som er vedteke i transportplanen.

Framfor alt er det viktig å presentere krav overfor staten om å realisere tiltak raskare enn det som tidlegare har vore presentert i Nasjonal transportplan (NTP). Dette kan gjerast gjennom å sikre viktige tiltak og satsingar inn i ny NTP (2014 til 2023). Men i tillegg er det avgjerande viktig å presentere nye former for finansiering av store nasjonale vegprosjekt. Dette handlingsprogrammet skisserar korleis dette kan gjerast, kvifor vi må gjere det og når vi kan starte opp dei ulike satsingane, steg for steg.

Handlingsprogrammet skal samstundes synleggjere den samla prioriteringa på Vestlandet og presentere kva ambisjon ein har på veg- og sjøtransportsektoren. Dette dokumentet vil følgeleg òg danne eit godt grunnlag både for fylkeskommunane og kommunane på Vestlandet sine eigne transportpolitiske prioriteringar.

Framfor å presentere ei brei tiltakspakke, vil ein i dette handlingsprogrammet i staden fokusere på utvalde sentrale område.

Handlingsprogrammet har blitt utarbeidd av Norconsult AS, som fekk tilbodet om å utarbeide planen i samsvar med anbudsreglane for offentleg innkjøp. Den administrative samferdslegruppa har saman med sekretariatsleiar hatt ansvaret for arbeidet og fungert som arbeidsgruppe, medan AU i tråd med vedtak i Vestlandsrådet har vore styringsgruppe.

Vurdering

Fylkesrådmannen ser arbeidet med ein handlingsplan for samferdsle som ei av nøkkeloppgåvene i Vestlandsrådet. Prosessen fram mot eit ferdig planutkast har vore godt forankra i alle dei fire fylkesadministrasjonane og politisk ved at AU har vore styringsgruppe.

Det er naturleg at handlingsprogrammet vert nytta òg som eit referansearbeid for arbeidet med dei regionale planstrategien som går føre seg i kvar fylkeskommune. På den måten vil ein også i kvart fylke lettare kunne sjå sine eigne regionale strategiar i ein utvida kontekst, noko som òg er ein viktig dimensjon ved Vestlandsrådet.

Med dette handlingsprogrammet viser ein at dei fire fylkeskommunane står samla bak strategiske samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet. Fylkesrådmannen meiner det likevel er viktig at dokumentet vert sendt ut på høyring til relevante partar slik at ein sikrar ei endå breiare forankring. Det vil vere naturleg å be om innspel både frå kvar av fylkeskommunane langs E39,

byane, kommunane, næringslivet og sentrale samfunnsmessige institusjonar og organisasjonar. Høyringsfristen bør settast til 1. oktober slik at ein har noko tid til eventuelle korrigeringar og endringar før saka vert lagt fram til endeleg handsaming i Vestlandsrådet 24 november 2011. Dette vil då vere ei særskild viktig sak for det første møtet for dei nye medlemmene i rådet.

Framlegg til vedtak

Handlingsprogrammet for samferdsle presenterer Vestlandsrådet sin samferdslepolitikk og vil vere ein særskild viktig premissleverandør inn mot arbeidet mot Nasjonal Transportplan 2014 – 2023. Eit viktig mål i handlingsprogrammet er å få ei monaleg auke i løyvingane til realisering av Ferjefritt E39 både på kort og lang sikt. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at Vestlandsrådet med dette sender Handlingsprogrammet for samferdsle ut på høyring til fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest Agder, byane, kommunane, næringslivet og sentrale samfunnsmessige institusjonar og organisasjonar med frist for høyringssvar innan 1. oktober 2011. Transportprogrammet blir endeleg handsamast i møte i Vestlandsrådet 24.november 2011.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)